

# Viktig omkring prøvetaking ved korona-virus-misstanke!

Så lenge vi er i ein situasjon med få påviste tilfelle med Covid-19 i Norge, handlar god handtering ikkje berre om å gje god behandling til pasientane som treng det, men i denne fasen er det også viktig å hindre vidare smittespreiing. Samstundes er det meldt om utfordringar knytt til levering av smittevern utstyr. Helse Førde har revidert sine smittevern rutinar og desse er tilgjengeleg på PKO sidene.

Folkehelseinstituttet har lagt opp til at vurdering og prøvetaking kan skje i primærhelsetenesta ved å isolere pasienten heime til prøvesvar føreligg.

## Pr. i dag er det tilrådd fylgjande prøvetaking og analysestad:

- Koronaprøve analyserast inntil vidare ved HUS. Det skal sendast eit prøveglas (rødt virustransportmedium) med ein pensel. Denne penselen skal først brukast på bakre svelgvegg, deretter i nasofarynx. Det vert arbeidd for å få til elektronisk rekvirering i Interactor. Før denne er aktivert i journalsystemet må ein bruke papirrekvisisjon til mikrobiologisk avdeling, Haukeland (sjå eiga lenke). Relevante kliniske opplysningar må påførast. Prøvane sendast direkte til Haukeland universitetssjukehus. Det vil i løpet av kort tid kunne forventast at FSS vil kunne analyser prøvene. Det vil det kome informasjon om.
- Ved sterk medisinsk indikasjon tar ein eit prøveglas nr 2, med ein pensel frå nasofarynx, for analyse på ordinære luftvegsagens. Sendast som vanleg til FSS med rekv i Interactor. Dette skal ikkje gjerast rutinemessig! Vi skal heller ha høgre terskel for slike prøver no enn til vanleg – dette for å unngå at det etter kvart blir manko på prøveutstyr.

**Fastlegar og legevakt kontakter eigen smittevernlege ved behov. Skal inntil vidare alltid skje innan det blir avgjort at koronaprøve skal talkast. Smittevernlege som ynskjer kontakt med Helse Førde knytt til Koronaproblematikken, ringer sentralbordet 57 83 90 00.**

Sentralbordet vil

- på vakttid sette over til vakthavande overlege med medisinsk avd. FSS
- i kontortid måndag til fredag medisinsk fagleg rådgjevar, overlege Torgeir Finjord

Testing, isolering og oppfølging av nærkontaktar er ressurskrevjande, så dette vert gjort kun ved kvalifisert misstanke. Kartlegging av nærkontaktar/smitteoppsporing skal gjerast i samarbeid med Folkehelseinstituttet.

For meir detaljer sjå:

[Koronavirus info fastlegar og legevakt 280220.pdf](#)

[Labark HUS Mikrobiologi corona.pdf](#)

Følg også med på:

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

<https://www.fhi.no/sv/smittsomme-sykdommer/corona/>

Med helsing

**Anne Stubdal, Jan Ove Tryti, Normund Svoen**

Praksiskonsulentar

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Helse Førde HF

[www.helse-forde.no](http://www.helse-forde.no)

